



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
24/104	Kommunestyret	12.12.2024
24/069	Formannskapet	19.11.2024
24/021	Administrasjonsutvalet	19.11.2024
	Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne	
	Ungdomsrådet	

Budsjett 2025 og økonomiplan 2026-2028

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2025 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr 154 284 679 Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr 14 524 000 Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2025 vert sett til kr 12 932 800.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr 12 932 800, refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.
5. Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2025 – 2028.
6. Det vert ikkje teke opp lån til vidare utlån i 2025.
7. I medhald av esktl. §§ 2 og 3 skal det for skatteåret 2025 skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen.
 - a. Skattesats for 2025:
 - i. Den allmenne skattesatsen blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 13.
 - ii. Differensiert skattesats for bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2025 vert sett til 4 promille, jf. esktl. § 12 a.
 - iii. Skattegrunnlaget for bustadar og fritidsbustadar vert sett til 70 % av takstverdi.
 - iv. Botnfrådrag er sett til 0.
 - b. For skatteåret 2025 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskild fastsett grunnlag i medhald av overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første lekken. Det særskilde grunnlaget skal i 2025 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 etter nye verdsettingsreglar for "verk og bruk" som frå og med 2019 er å sjå på som nærings eigedom. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.
 - c. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K-sak 19/114), jf. esktl. § 10.
 - d. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar: mars, juni, september og desember i skatteåret, jf. esktl. § 25.

- e. Disse eigedomane får fritak etter § 7 a i eigedomsskattelova:
- i. Forsamlingshus som gagnar ålmenta, og som tilhøyrrer lag og organisasjonar.
- 8. Kommunale avgifter og betalingsattsar vert vedtekne slik det går fram av gebyrliste gjeldande frå 1.1.2025.
- 9. Det vert opna for at betaling av kommunale avgifter og eigedomsskatt kan betalast i 12 rater etter søknad.
- 10. Det vert brukt av disposisjonsfondet i økonomiplanperioden kr 9 665 441.
- 11. Hyllestad kommune yter kr 2 165 000 i driftstilskot til Hyllestad sokneråd for 2025.

Vedlegg i saka:

12.11.2024	Budsjettering av innsparinger i årsbudsjett og(456383)
13.11.2024	Momentum Budsjettnotat - Hyllestad kommune 2025 (2024_09_19)
13.11.2024	20241101 - Estimerte utbetalinger til Hyllestad kommune
13.11.2024	Hyllestad sokn - driftsbudsjett 2025 og investeringsbudsjett 2025-2028
13.11.2024	Investeringsbudsjett 2025-2028 Hyllestad sokn
13.11.2024	Protokoll Hyllestad sokneråd 19.09.2024
13.11.2024	vedlegg til opprinneleg budsjett - kommunedirektøren sitt forslag
13.11.2024	Vedlegg 12.11.24

19.11.2024 Administrasjonsutvalet

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart teke til vitande.

ADMU24/021 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2025 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr 154 284 679 Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr 14 524 000 Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2025 vert sett til kr 12 932 800.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr 12 932 800, refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.
5. Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2025 – 2028.
6. Det vert ikkje teke opp lån til vidare utlån i 2025.
7. I medhald av esktl. §§ 2 og 3 skal det for skatteåret 2025 skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen.
 - a. Skattesatts for 2025:
 - i. Den allmenne skattesatts blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 13.
 - ii. Differensiert skattesatts for bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2025 vert sett til 4 promille, jf. esktl. § 12 a.
 - iii. Skattegrunnlaget for bustadar og fritidsbustadar vert sett til 70 % av takstverdi.
 - iv. Botnfrådrag er sett til 0.
 - b. For skatteåret 2025 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskild fastsett grunnlag i medhald av overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første lekken. Det særskilde grunnlaget skal i 2025 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 etter nye verdsettingsreglar for "verk og bruk" som frå og med 2019 er å sjå på som nærings eigedom. Skattesatts på det særskilde skattegrunnlaget er 7 promille.

- c. Ved taksering og utskriving av eideomsskatten nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter (K-sak 19/114), jf. esktl. § 10.
 - d. Eideomsskatten skal betalast i 4 terminar: mars, juni, september og desember i skatteåret, jf. esktl. § 25.
 - e. Desse eideomane får fritak etter § 7 a i eideomsskattelova:
 - i. Forsamlingshus som gagnar ålmenta, og som tilhøyrer lag og organisasjonar.
 - 8. Kommunale avgifter og betalingsattsar vert vedtekne slik det går fram av gebyrliste gjeldande frå 1.1.2025.
 - 9. Det vert opna for at betaling av kommunale avgifter og eideomsskatt kan betalast i 12 rater etter søknad.
 - 10. Det vert brukt av disposisjonsfondet i økonomiplanperioden kr 9 665 441.
 - 11. Hyllestad kommune yter kr 2 165 000 i driftstilskot til Hyllestad sokneråd for 2025.
- 19.11.2024 Formannskapet**

Handsaming:

Christian Hatlem Skår forlet møtet 13.20 under handsaming av sak 24/069.

H v/Geir Helge Nordstrand sette fram endringsframlegg om å stryke eideomskatt.
Det vart røysta over framlegget frå Nordstrand, som fall, 1 røysta for og 2 røysta i mot.

Det vart så røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM24/069 Vedtak:

Formannskapet vedtek å legge "Budsjett 2025 og økonomiplan 2026 - 2028" ut på høyring slik det ligg føre.

AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Kommunelova kap 14.

KVA GJELD SAKA:

Vedtak om budsjett og økonomiplan for perioden 2025-2028

SAKSUTGREIING:

Budsjett og økonomiplan er publisert i Framsikt. Sjå lenka her:

https://pub.framsikt.net/2025/hyllestad/bm-2025-budsjett_2025_og_økonomiplan_2026-2028

Vedlagt er økonomiske oversikter jf. §5-4, §5-5 og §5-7